



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Arnt Erik Nordheim, 5764 3191

## Alver kommune gnr. 428 bnr. 127, Kvalheim Nedre. Førebels svar

Vi viser til oversendinga frå Alver kommune 17.02.2023, avvising herfrå og Kommunal- og distriktsdepartementet sitt vedtak 16.05.2023, der Statsforvalteren si avvising vart oppheva.

Vi legg til grunn at saka er kjent, idet kommunen har motteke kopi av departementet si avgjerd. Vedtaket inneber at Statsforvaltaren vil vurdere klagen frå Terje Oseberg Askeland på nytt, jf. forvaltningslova § 34.

Statsforvaltaren tek sikte på å handsame klagen innan utgangen av juni 2023.

Vi legg som utgangspunkt til grunn at saka er opplyst og klar for avgjerd, slik ho ligg føre. Dersom det eventuelt er nye opplysningar som er relevante for det påklaga vedtaket om ferdigattest (06.09.2022), ber vi om at kommunen oversender dette innan rimeleg tid, jf. forvaltningslova § 33 siste ledd.

Oseberg Askeland vert underretta ved kopi av dette brevet, til liks med tiltakshavar og ansvarleg søkar for tiltaket på gbnr. 428/17.

Med helsing

Arnt Erik Nordheim  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Knut Asle Geitle	Eikåsneset 22 C	5131	Nyborg
Terje Oseberg Askeland	Myrdalsvegen 42 E	5130	Nyborg
BYGGRAAD BERGEN AS	Fleslandsvegen 235A	5258	BLOMSTERDALEN